

1300

NINA Rapport

# Villreinen i Rondane sørrområde - Fampen

Status og arealbruk

Per Jordhøy, Hans-Petter Ruud og Thore Lie



# NINAs publikasjoner

## **NINA Rapport**

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

## **NINA Kortrapport**

Dette er en enklere og ofte kortere rapportform til oppdragsgiver, gjerne for prosjekt med mindre arbeidsomfang enn det som ligger til grunn for NINA Rapport. Det er ikke krav om sammendrag på engelsk. Rapportserien kan også benyttes til framdriftsrapporter eller foreløpige meldinger til oppdragsgiver.

## **NINA Temahefte**

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og seieren favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

## **NINA Fakta**

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

## **Annен publisering**

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

# Villreinen i Rondane sørområde - Fampen

Status og arealbruk

Per Jordhøy, Hans-Petter Ruud og Thore Lie

Jordhøy, P., Ruud, H. P. og Lie, T. 2017. Villreinen i Rondane sørøstområde – Fampen. Status og arealbruk. NINA Rapport 1300. 40 s.

Trondheim 31.03.2017

ISSN: 1504-3312  
ISBN: 978-82-426-2977-7

RETTIGHETSHAVER  
© Norsk institutt for naturforskning  
Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

TILGJENGELIGHET  
Open

PUBLISERINGSTYPE  
Digitalt dokument (pdf)

REDAKSJON  
Per Jordhøy Hans-Petter Ruud

KVALITETSSIKRET AV  
Vebjørn Veiberg

ANSVARLIG SIGNATUR  
Forskningsssjef (sign.)

OPPDRAKGSGIVER(E)/BIDRAGSYTER(E)  
Miljødirektoratet

OPPDRAKGSGIVERS REFERANSE  
M-772|2017

KONTAKTPERSON(ER) HOS OPPDRAKGSGIVER/BIDRAGSYTER  
Vemund Jaren

FORSIDEBILDE  
Eldre bukk ved Tittelsjøen i Fampen. Foto: Thore Lie

NØKKELORD

- Fampen i Rondane sør, Stor-Elvdal kommune, Hedmark fylke
- Villrein
- Historikk
- Arealbruk
- Overvaking

KEY WORDS

Reindeer, habitat use

KONTAKTOPPLYSNINGER

**NINA hovedkontor**  
Postboks 5685 Sluppen  
7485 Trondheim  
Telefon: 73 80 14 00

**NINA Oslo**  
Gaustadalléen 21  
0349 Oslo  
Telefon: 73 80 14 00

**NINA Tromsø**  
Framsenteret  
9296 Tromsø  
Telefon: 77 75 04 00

**NINA Lillehammer**  
Fakklegården  
2624 Lillehammer  
Telefon: 73 80 14 00

[www.nina.no](http://www.nina.no)

## Samandrag

Jordhøy, P., Ruud, H. P. og Lie, T. 2017. Villreinen i Rondane sørørområde – Fampen. Status og arealbruk. NINA Rapport 1300. 40 s.

I samband med forvalting av reinen i Rondane har det vore mangelfull kunnskap om bestanden sin bruk av dei austlege skogkledde delane av villreinområdet. Fampenområdet, eit «øyfjell» med mykje skog, er eit godt døme på dette. Etter at GPS-prosjektet i Rondane kom i gang, fekk ein etter kvart indikasjonar på at det var eit aukande trekk til og bruk av dette området.

Fylkeskommunene utarbeider regionale planar for ein heilheitleg forvalting av fjellområde som er særskilt viktige for villreinen sine leveområde i Noreg. Dei vil vera retningsgjevande for kommunal planlegging og gje føringar for statleg og fylkeskommunal sektorplanlegging. Fampenområdet inngår i regional plan for Rondane – Sølnkletten og ein del av området vart i 2013 avsett som «observasjonsområde». Målsetjinga var å styrke dokumentasjonen av villreinen sin arealbruk her, ved å kombinera eksisterande og ny kunnskap.

Prosjektet har vore eit samarbeid mellom Villreinutvalet i Rondane sør og NINA. Gjennom samanstilling av røynslekunnskap frå området, innsamling av data frå trekkregistreringar, utplasserte viltkamera, samt bruk av GPS-data, har ein gjennom dette prosjektet fått fram ein styrke kunnskapsstatus om Fampenområdet som leveområde for rein. Resultata viser at alle kategoriar dyr – bukkar, simler og ungdyr/kalvar – nyttar området. Det er særleg i barmarksesongen området blir nyttta, men dei høgareliggende snaufjellsområda har dei siste år også vore nyttta på seinvinteren.

Trekkregistreringar viser at flokkane trekkjer inn i området frå vest – ikring Imsdalsvola, slik også gamle fangstanlegg viser at dei har gjort i tidlegare tider. Det er observert kalving i ulike delar av området, og dette tyder på at at kalvinga er spreidd over store areal i lågareliggende skogstereng. I det heile viser resultata at området har viktige habitatkvalitetar for reinen.

Dei nordlege og sørlege delane av området, kategorisert som hensynssone nr.2 Buffersone i Regional plan for Rondane og Sølnkletten, har vore utstrekkt brukt av rein i ei årrekke. Mönsteret av GPS-plott frå barmarksperioden i 2009-2016 indikerer såleis at desse områda har vore like mykje nyttta av reinen som områda i vest, kategorisert som nr.1 Nasjonalt villreinområde i nemnte regional plan.

Generelt sett ser ein i Rondane som i andre store villreinområde at det over tid har vore endringar i reinen sitt geografiske bruksmønster. Dette er noko av dynamikken i reinen sin økologi og arealbruk, der vekselbruk av store leveområde inngår i ein naturleg syklus. Ut frå desse kjensgjeringane og prosjektet sine dokumenterte resultat, vil det kunne vera legitimt å tilrå at større delar av Fampenområdet får same verdistatus som sentralområda lengre inne i Rondane (nasjonalt villreinområde).

Sidan 1985 har området fått tilført betydeleg med hytter og veganlegg. Det er viktig at ein nyttar dagens kunnskapsstatus om villreinen sin arealbruk aktivt, og legg til rette for at viktige leveområde på både sider av Vinjevegen i minst mogleg grad blir ráka av nye barrierefremjande inngrep, som avgrensar reinen sin bruk av områda her. Det er grunn til å peike på simlene sin aukande bruk av dei skogkledde områda som kalvingsland, og dyra sitt nærvær i det heile gjennom barmarksesongen.

Per Jordhøy, Norsk institutt for naturforskning, 7485 Trondheim. [per.jordhoy@nina.no](mailto:per.jordhoy@nina.no)  
Hans-Petter Ruud, Rondane Sør Villreinutvalg, Solliaveien 861, 2477 Sollia [sollia@fjellstyrene.no](mailto:sollia@fjellstyrene.no)  
Thore Lie, Stai-Tryaveien 532, 2480 Koppang [thorehund@gmail.com](mailto:thorehund@gmail.com)

# Innhold

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>Innhold .....</b>	<b>4</b>
<b>Føreord .....</b>	<b>5</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
<b>2 Bakgrunn og administrasjon.....</b>	<b>7</b>
2.1 Problemstilling og målsetjing .....	7
2.2 Organisering og samarbeid .....	7
2.3 Fokusområde .....	7
2.3.1 Soneinndeling frå Regional plan.....	7
<b>3 Materiale og metoder .....</b>	<b>9</b>
3.1 Studieområdet .....	9
3.1.1 Naturgeografi og klima.....	9
3.1.2 Vegetasjon .....	10
3.2 Kartlegging av reinen sin arealbruk.....	11
3.2.1 Teljingar .....	11
3.2.2 Fotodokumentasjon .....	11
3.2.3 GPS-merka dyr .....	13
3.2.4 Kvalitative data og lokalkunnskap .....	13
3.2.5 Sett rein.....	13
3.2.6 Kartlagt fangstkultur i området.....	13
<b>4 Resultat og diskusjon .....</b>	<b>14</b>
4.1 Bestandsutvikling og arealbruk .....	14
4.1.1 Historikk, fangstanlegg og kulturminner .....	14
4.1.2 Bestandshistorikk i Fampen og Rondane 1900–2017 .....	15
4.1.3 Bildeanalyser frå viltkamera.....	18
4.1.4 Fokusområde, trekk .....	21
4.1.5 Arealbruken i Fampen og posisjonar frå GPS-merka simler.....	24
<b>5 Oppsummering og tilrådingar .....</b>	<b>28</b>
5.1 GPS-plott i høve til hensynssoner .....	28
5.2 Data frå bilde (viltkamera) .....	28
5.3 Data frå trekkregistreringar.....	29
<b>6 Referansar .....</b>	<b>30</b>
<b>7 Vedlegg. Trekkregistreringar inn i Fampen v/Villreinutvalet i Rondane sørrområde.....</b>	<b>31</b>

## Føreord

Denne rapporten samnfattar eit mangfald av tilgjengeleg dokumentasjon og røyslekunnskap om reinen sin arealbruk i Fampenområdet. I tillegg er det samla inn eit sett nye data. Målsetjinga er å styrka kunnskapen om området som villreinhabitat. Bak rapportarbeidet står ei breidt sammensett prosjektgruppe, der både offentleg forvalting, rettshavarar og forskingsmiljø er representert. Dette er Lars Kveberg, Stor-Elvdal kommune, Marit Vorkinn, Villreinnemnda for Rondane og Sølnkletten, Hans Bondal, Rondane sør villreinutvalg, Ellen Cathrine Burchardt, Rondane sør villreinutvalg samt Hans-Petter Ruud, Rondane sør villreinutvalg og Thore Lie, Fampen villreinområde.

Takk til Miljødirektoratet som har finansiert prosjektet, og til alle bidragsytarar som har delt sin kunnskap eller på anna måte støttja prosjektet

31.03.2017

Per Jordhøy

## 1 Innleiing

Fylkeskommunene utarbeider regionale planar for ein heilheitleg forvalting av fjellområde som er særskilt viktige for villreinen sine leveområde i Noreg. Dei vil vera retningsgivande for kommunal planlegging og gje føringar for statleg og fylkeskommunal sektorplanlegging. Fampenområdet inngår i regional plan for Rondane – Sølnkletten (2013) og delar av dette vart då avsett som «observasjonsområde». Dette er eit delområde/randområde i Rondane sørrområde, kor ein har hatt mangefull dokumentasjon om reinen over lengre tid. Lokal kunnskap viser at det har vore ein aukande førekommst og utbreiing av rein her alt frå 1970-talet og framover. I 2015 vart det så igangsett eit prosjekt for å klargjere status for reinens bruk av Fampenområdet. Dette er gjort gjennom bruk av data frå GPS-merka dyr, eigne registreringar og oppsummert bakgrunnskunnskap om historikken i området. Dei siste 10 åra har ein gjennomført liknande registreringar av rein i Gråhø/Tjønnseterfjellet i Rondane, for å dokumentere korleis reinen nyttar andre slike randområde.

## 2 Bakgrunn og administrasjon

### 2.1 Problemstilling og målsetjing

Fylkeskommunane utarbeider regionale planar for ein heilheitleg forvalting av fjellområde som er særskilt viktige for villreinen sine leveområde i Noreg. Dei vil vera retningsgjevande for kommunal planlegging og gje føringar for statleg og fylkeskommunal sektorplanlegging. Fampenområdet inngår i regional plan for Rondane – Sølnkletten og ein del av dette vart avsett som «observasjonsområde» då denne planen vart ferdigstilt i 2013 (Oppland fylkeskommune 2013). Ein skulle i 2016 dokumentere villreinen sin arealbruk før området blir evaluert på nytt, og det blir teke endeleg stilling til området sin status i Regional plan.

Prosjektet si målsetjing har vore å styrka dokumentasjonen om villreinen sin arealbruk i Fampenområdet, ved å kombinera eksisterande og ny kunnskap. Dette er gjort ved samanfatning av kunnskap frå tidlegare registreringar og rapportar, gjennomgang av møteprotokollar og intervju av sentrale personar med lang fartstid i villreinutvalet. I tillegg er det utført nye feltregistreringar gjennom to feltsesongar (2015-2016). Det har da vore fokusert på trekkregistreringar, fotodokumentasjon frå viltkamera og tett oppfølging av to simler med aktive GPS-sendrarar, som har nytta Fampenområdet delar av året.

### 2.2 Organisering og samarbeid

Prosjektgruppa har bestått av representantar frå villreinutval, villreinnemd, kommune, retthavarar lokalt i Fampenområdet og NINA (Lars Kveberg, Stor-Elvdal kommune, Marit Vorkinn, Villreinnemnda for Rondane og Sølnkletten, Hans Bondal, Rondane sør villreinutvalg, Ellen Cathrine Burchardt, Rondane sør villreinutvalg samt Hans-Petter Ruud, Rondane sør villreinutvalg og Thore Lie, Fampen villreinområde).

Det er halde 2-3 orienteringsmøte underveis i prosjektet. Prosjektleiinga er lagt til Villreinutvalet i Rondane sør v/ Hans-Petter Ruud, som også har teke imot og analysert feltdata. Thore Lie i Villreinutvalet for Fampen har hatt ansvar for teljingar, drift og innsamling av data frå viltkamera mv. NINA har hatt det faglege ansvaret med rapportarbeid og ferdigstilling av sluttrapport.

### 2.3 Fokusområde

Fampenområdet inngår som eitt av 11 fokusområde i Rondane, der det er trong for særskilte tiltak for å sikra villreinhabitat best mogleg (Strand mfl. 2014).

#### 2.3.1 Soneinndeling frå Regional plan

I Regional plan for Rondane – Sølnkletten (Oppland fylkeskommune 2013) er det gjort ein soneining («hensynssoner»). For Fampen ser ein av figur 1. at den vestlege og dels sentrale delen kjem under Hensynssone 1. Nasjonalt villreinområde, medan den nordlege og sørlege delen kjem under Hensynssone 2. Buffersone. Forklaring til soneinndelinga framgår i det følgjende:

#### Hensynssone 1. Nasjonalt villreinområde

Særskilt viktige område for villrein. Det skal ikkje skipast til ny fritidsbebyggning innafor området. Ny utbygging eller andre tekniske inngrep som kan forringe nasjonalt villreinområde skal unngåast.

#### Hensynssone 2. Buffersone

Område av betyding for villrein. Auka utbygging innafor sona kan påverka sentrale og særskilt viktige villreinområde (hensynssone 1) negativt. Område der det ikkje skal tillatast nye hyttefelt, utviding eller fortetting av eksisterande hyttefelt ut over det som er godkjent i eksisterande plan. Bebyggning på eksisterande tomt kan utviklast innafor særskilte rammer når dette er avklart gjennom kommunale planar. Tilrettelegging for ferdse og aktivitetar skal prioriterast innafor sona for å avgrensa ferdse inn i hensynssone 1.

### Hensynssone 3. Utviklingssone i randområde (gjeld berre Rondane)

Denne sona har stor samfunnsmessig betydning, samstundes som delar av den er biologisk leveområde for villrein. Dette er i hovudsak område med hytter og reiselivsbedrifter med behov for utvikling av infrastruktur.


Randområde som blir nytta av villrein, men der utvikling kan skje innafor særskilte rammer. Det blir lagt stor vekt på samfunnsmessig utvikling som tek omsyn til villreinen. Det er krav om avbøtande tiltak for å dempe ferdslø og aktivitetar inn i nasjonalt villreinområde.

### Hensynssone 4. Utviklingssone i dalføra

Denne sona har stor samfunnsmessig betydning. Dette er dalføra med hovudvegnett, busetjing, gardsdrift og tilskiping av næring. Leveområde for villrein går dit folk bur, og fleire stader heilt ned til hovudvassdraga i dalbotnen. Temakart for villrein skal takast med som ein del av vurderinga av tiltak innafor området og for vurdering av behovet for avbøtande tiltak. Tiltaket sin betydning for næringsutvikling og lokalsamfunn skal tilleggast avgjerande vekt.

### Viktige trekk og utvekslingsområde, hensynssone 4

Ny bebyggning og nye anlegg bør så langt det er mogleg knytast til og i nærlieken av eksisterande bebyggning og infrastruktur.




Figur 1. Området sin lokalisering i Rondane og oversyn over Fampenområdet, med viltkameraposisjonar og soneinndeling fra Regional plan (Oppland fylkeskommune 2013).

### 3 Materiale og metoder

#### 3.1 Studieområdet

##### 3.1.1 Naturgeografi og klima


Fampen er eit «øyfjell» i det søraustlege Rondane, avgrensa av Imsdalen i sørvest og Østerdalen i nordaust (figur 1 og 2). Eit langstrakt parti med snaufjell strekkjer seg på nordaustsida av Imsdalen. Famphøgdene (1320 moh.) ligg sentralt i dette fjellpartiet og er det høgste fjellet her. Elles er det ein mangfaldig landskapsmosaikk av småtoppar, høgdedrag, myrar og skog. Det er typisk innlandsklima med relativt lite nedbør. Gjennom vinteretjingar frå bakken i perioden 1984 – 2004 vart det observert store vekslingar i snømengdene over klimagradienten frå søraust til nordvest i Rondane. Det går sommaropen veg gjennom området (Vinjevegen), med fleire stikkvegar langs strekninga. Strekninga Rv3 ved Nordstumoen (Koppang) og over snaufjellet til Lauvåsen er i tillegg vinteropen. Det er fleire hyttegrender i området (figur 2).




Figur 2. Naturgeografisk oversyn over Fampenområdet

### 3.1.2 Vegetasjon

Området er kartlagt av NORUT (Johansen 2009). Skogkledd landskap dominerer i Fampenområdet, og barskog (gran og furu) utgjer hovedtyngda av dette (figur 3, 4). Område med bjørk dekker nær 20 % av landskapet. Skogområda finn ein særleg nord og aust i området, ut mot omkringliggende dalfører. Omlag 20 % av arealet er ope fjellandskap, og det meste av dette finn ein i den sørvestlege delen av området. Myrareal utgjer nær 10 % av området (figur 4).



Figur 3. Kart med oversyn over vegetasjon- og vegetasjonssamsetjing i Fampenområdet (Johansen 2009, tilrettelagt for Fampen av Hans-Petter Ruud).



Figur 4. Fordeling av ulike vegetasjonstypar i Fampenområdet (Johansen 2009, tilrettelagt for Fampen av Hans-Petter Ruud).

## 3.2 Kartlegging av reinen sin arealbruk

### 3.2.1 Teljingar


I mange av dei austlege områda i Rondane er det ofte vanskeleg å få gode data frå teljingar fordi dyra her nyttar skogsområda i stor grad. Dei siste 10 åra har ein mellom anna fått data gjennom trekkregisteringar når flokkane er på trekk inn i Fampenområdet frå vest. Arbeidet har normalt starta i mars og heldt fram til førefall, og ein har fått informasjon om så vel flokkstorleik som flokktype og trekktidspunkt. Registreringane og feltarbeidet er i hovudsak gjenomført av Thore Lie på oppdrag frå Villreinutvalet. Sidan 2006 er det årlig gjort mellom 6 og 13 registreringar av flokkar som har vore på trekk inn i området (sjå vedlegg). Dette representerer ikkje totaltal for området, men er minimumstal. Ein må også ta høgde for at flokkar kan ha trekt inn og ut av området og ikkje blitt registrert.

### 3.2.2 Fotodokumentasjon

For å få haldepunkt om førekommst, og kva dyrekategoriar som er representert i den ståande bestanden m.m. i Fampenområdet, vart det i 2015 – 2016 oppmontert viltkameraer (WingCam II TL) på i alt 8 saltsteinlokalitetar (figur 5 og tabell 1). Viltkamera var aktive frå mai til oktober både i 2015 og 2016. Det vart samla inn i alt over 2108 bilde.

Tabell 1. Oversyn over bildemateriale frå dei ulike kamerakalitetane.

<b>Lokalitet</b>	<b>Månad (sum tal bilde)</b>							<b>Sum</b>		
	<b>2015</b>	<b>Aust</b>	<b>Nord</b>	<b>Mai</b>	<b>Juni</b>	<b>Juli</b>	<b>August</b>	<b>September</b>	<b>Oktober</b>	
			<b>1</b>	<b>2</b>	<b>150</b>	<b>615</b>	<b>51</b>	<b>1</b>	<b>820</b>	
Bjørsjøen	591732	6841733				13	195	9		217
Fugleåsmyra	593518	6839544				6	18			24
Karlstadpiggen	595856	6840216				68	140	27	1	236
Kjelskardet	595197	6838133		1		29	165			195
Sjåheim	605292	6829691			2	6	2			10
Tjønnraveien	597051	6839803				28	95	15		138
	<b>2016</b>	<b>Øst</b>	<b>Nord</b>	<b>10</b>	<b>74</b>	<b>586</b>	<b>591</b>	<b>27</b>		<b>1288</b>
Bjørsjøen	591732	6841733				4	144	73	2	223
Hovalen	601918	6819773				32	32	10	3	77
Karlstadpiggen	595856	6840216				13	74	30	1	118
Kjelskardet	595197	6838133		1		2	106	138	2	249
Nybuåsen	594335	6842157				2	121	239	17	379
Tjønnraveien	597051	6839803			8	17	100	99	2	226
Ulvbergskletten	603261	6830246			1	4	9	2		16
<b>Sum båe åra (tal bilder)</b>			<b>11</b>	<b>76</b>	<b>736</b>	<b>1206</b>	<b>78</b>	<b>1</b>		<b>2108</b>



Figur 5. Oversyn over kamerakalitetar i Fampen 2015-2016.

### 3.2.3 GPS-merka dyr

I 2009 vart aktuelle interessentar invitert til planlegging av eit større forskingsprosjekt i Rondane ved bruk av GPS-teknologi. Det var særlig fokus på å framstaffe meir kunnskap om villreinen sin områdebruk, inkludert kunnskap om den sesongmessige beitetilgongen og kalvingsområda.

I prosjektskissa som vart vedteken ved prosjektstart står det at sluttrapporten frå prosjektet bør innehalde:

- Kunnskap om og reell dokumentasjon av reinen sin arealbruk og åtferd
- Kunnskap om effektar av fysiske inngrep og dokumentasjon av betyding for reinen sin områdebruk i Rondane
- Kunnskap om ferdslle og annan aktivitet av betyding for reinen sin områdebruk og åtferd
- Vurdering av potensielle effektar av utprøvde avbøtande tiltak (til dømes fredingssoner, vegtrafikkregulering, kanalisering av ferdslle, løypeomlegging, jaktforvalting m.m.)

Rapporten frå prosjektet vart sluttført i 2014 og inneholdt analyser av ei stor mengd stadfesta GPS-data, mellom anna frå Fampenområdet (Strand mfl. 2014).

### 3.2.4 Kvalitative data og lokalkunnskap

For å få oversyn over forvaltingshistorikken i Fampenområdet, har det vore gjennomført intervju og innsamling av protokolldata frå villreinutvalet. Vidare er det samla inn utfyllande opplysningar frå lokale kjelder for å få mest mogleg detaljkunnskap om trekk og arealbruk generelt i området.

### 3.2.5 Sett rein

Det har ifølgje lokale kjelder vore samla inn «sett rein»-data frå området frå ikring 1985. Førebels er det berre verifisert data frå 1991 og frametter. Desse dataene bygger på tilfeldige stadfesta observasjonar av rein (sjå kapittel 4).

### 3.2.6 Kartlagt fangstkultur i området

Ein har hatt tilgang til omfattande kartdata frå innfallspartia til Fampenområdet i vest (Jordhøy mfl. 2012). Inne i sjølve studieområdet er det ikkje påvist fangstminne i stort omfang, som kan gje haldepunkt om rein og arealbruk her.

## 4 Resultat og diskusjon

### 4.1 Bestandsutvikling og arealbruk

#### 4.1.1 Historikk, fangstanlegg og kulturminner

I innfallspartiet til Fampenområdet frå nordvest ligg det store fangstgroprekker i området Imsdalsvola – Skjerdingen. Retning og lokalisering på anlegga gjev klare indikasjonar på at dette frå gamalt av har vore hovudinnfallsporten til Fampenområdet. Inne i sjølve Fampenområdet skal det vera nokre få uregistrerte fangstminne.

Anlegget er tidlegare granska inngående av Barth (1992). Han fann da 53 jordgravde fangstgropar i området Skjerdingen–Storfjellstua, fire gropar aust for Hira, nordaust for Storfjellstua og tre gropar like aust for Storfjellstua. I tillegg fann han 35 fangstgropar i nord- og sørhellinga av Imsdalsvola, hovudsakeleg steinmura gropar. Same tal fangstgropar målte NINA inn her i 2009 og 2010, pluss to usikre.


#### *Fangstanlegga ved Imsdalsvola–Skjerdingen*

Fangstgroprekka ligg i høgdelaget 780–1000 moh. Totalt for heile anlegget er det registrert 94 sikre og tre usikre fangstgropar. Hovudrekka med jordgravde fangstgropar går i fjellskogsterrengr fra Skjerdingen sør–søraustover om lag 500 meter før den bøyer av mot sør–sørvest og held fram i retning Storfjellstua, og den går hovudsakeleg på nordvestsida av Stor-Hira. Herfrå blir det eit opphold på vel ein kilometer før den held fram oppover nordryggen av Imsvola til kote 1000 moh. Det er hovudsakeleg steinmura fangstgropar i denne delen av rekka. Ved den øvste fangstgropa er det også eit bågåstø. Så blir det eit opphold over høgste ryggen av Imsdalsvola (naturleg barriere for aust–vesttrekket) før fangstgropsystemet held fram i sørhellinga av Imsdalsvola frå kote 960 til 1060 moh. I denne delen er det berre steinmura fangstgropar. Her er det også tilrettelagt med informasjonsskilt og sti nordvestover til Friisvegen (ikkje merka på kartet). På skiltet står det at det er fangstgropar frå 1500-talet. Pila på skiltet viser truleg til dei andre fangstgropene i nærområdet og ved pila er det innskrive "Fra år 2000 f.Kr. til 1680 e.Kr." (figur 6).



Figur 6. Døme på informasjonsskilt ved fangstgropfelt i sørhellinga av Imsdalsvola.

Retninga på dei fleste fangstgropene i systemet samsvarar med reinen sin trekkretning, når dyra har flytta seg mellom hovudområdet (Storfjellet og Skarvvola/Hirisjøhøgdene) og Fampen (randsone/"øyfjell" mellom Imsdalen og Østerdalen). I kva grad dette trekket har gått om Imsdalsvola eller lengre nord mot Skjerdingen har truleg vore noko avhengig av vindretningar. Ut frå storleik og habitat må gropene i hovudrekka (sør for Skjerdingen) ha vore retta mot elgfangst, eller kombinert elg- og reinsfangst, medan fangstgroprekken på både sider av Imsdalsvola har vore retta mot reinsfangst (figur 7).



Figur 7. Oversyn over fangstgroprekkene ved Imsdalsvola – Skjerdingen i Ringebu kommune.

#### 4.1.2 Bestandshistorikk i Fampen og Rondane 1900–2017

Kjelde: Villreinutvalet sine protokollar


Vi har lite informasjon om reinen i Fampenområdet på 1900-talet fram til 1960-talet. Funn av eit simlegevir i Famphøgdene 1948-49 er eit av få haldepunkt. Ettersom ein tok til å bygge opp att bestanden i Rondane sør frå 1970 hadde nok dette etterkvar og også innverknad på førekomensten av dyr i dette området. Jaktstatistikken i Rondane sør fortel at det i perioden 1956-1969 var felt mellom 18 rein (1969) og 78 rein (1961) årleg (gjennomsnitt på 50 rein/år). Steinar Myrvang på Koppang (f. 1943) har fylgd med utviklinga i Fampen i lang tid og har opplysningar om at det var observert eit og anna dyr på 1960-talet, mellom anna simle med kalv ved Lauvåsen ikring 1968. Utover 1970-talet vart det observert rein stadig oftare, og rett som det var vart dyr sett langt nede i skogen. Det var til dømes sett ei simle med kalv berre 1,5-2 km frå Rv3 (midt på 1970-talet).

I februar 1985 fekk Fampenområdet sitt første arbeidsutval og ynskte dermed å operere som eige villreinområde. I vedtekten heitte det at utvalet skulle jobbe for at «reinens levevilkår blir minst mulig berørt ved evt. annen utnyttelse av fjellområdet (kraftutbygging, hyttebygging, veianlegg, motorisert ferdsel m.v.». Direktoratet for Naturforvaltning ville slå saman alle villreinområda i Rondane og dette førte til uro, og arbeidsutvalet hadde ikkje hatt møte på fire år. I august

1990 hadde utvalet møte att og der framgår det at kalvingsplassane på denne tida var på sørsida av Stripjellia, sørsida av Gråfjellia, ved Negardstjernene og sør for Løvlandsvla, samt Lemhauge sørover mot Årslisetra. På møtet vart også merking av rein drøfta. Medlemmane vart og oppmoda om å undersøke kva ein hadde av grunnlagsmateriale (areal, strukturtejingar, avskyting, beiteundersøkingar, reinens trekk, beiteområde, kalvingsstader m.m.). I møte 27. februar 1991 fremja styret forslag om at ein måtte utvide grensene for villreinområdet, da reinen nytta skogområda meir og meir. I 1991 vart det felt 24 dyr av ei kvote på 45 som ga ein fellingsprosent på 53,3. I uttaket var det 11 eldre bukk, 6 eldre simler, 1 simle 1,5 år, 3 simlekalvar og 3 bukkekalvar. Jakttida var 20.08-23.09. I «meddelelse fra utvalget» for 1991 står det at eit stort tal rein heldt seg i skogområda gjennom heile jakta. Jaktkvotene og fellingstala var stabile framover heile 1990-talet på 40-50 dyr. I 1998 såg årsmøtet framleis «betydningen av å ha en lokal organisering av rettighetshaverne i Fampen. På denne måten hadde medlemmene stor påvirkningsmulighet i utøvelsen av jakten, oppsynet og andre saker av betydning for vårt område. Dette bør være et forbilde for andre rettighetshavere, og bør ikke uten videre oppløses».

Opplysningars om villreinen i Fampen kom også fram i notat og rapportar frå andre delar av Rondane. I eit notat frå fjelloppsyn Edgar Enge 1996 (Ringebu) framgår det at «I løpet av april, og ofte i forbindelse med forstyrrelser under påsketrafikken, trekker endel rein fra disse vanlige vinterområdene og utover i Fampen. Trekket skjer som regel på nordsiden av Imsdalsvla, over Botnmyrene og mot Reinsfjellet. Et par ganger har den kommet fra Storfjellet og krysset over mot Helakskletten og Reinsfjellet øst for Storfjellstua. Jeg har aldri sett dyra trekke, men ut fra sporene kan det dreie seg om 100-150 stk.». I 1998 skriv Erik S. Winther i eit notat at «Områdene østover i Helakmyrene – Famphøgdene er nå så mye brukt at det er ingen grunn til å skille dette ut som et eget spesialområde....». Han slår fast at «Kjerneområdet for fostringsflokkene er i de sentrale fjellområder i Ringebu og Sollia, mellom riksvei 27 og Friisvegen, med utvidelse sørover på Åsdalstangen og øst- og sørover i Skjerdingsfjell - Helakmyrene – Famphøgdene».


I perioden 1996-2000 vart det samla inn data for å sjå kvar reinen blir felt under jakta (figur 8). Fellingslokalitetane fordelte seg frå Granåsen i nord til Hovalen i sør. Mange dyr var felt i området Famphøgdene – Stripfjellet, og i området Bjørsjøen – Helaksetra – Trytjørnvolane. Det vart også samla inn data om stadfesta observasjonar av rein i heile perioden 1991-1999. Mykje av observasjonane er frå området Famphøgdene – Stripfjellet – Hovalen, forutan området Granåsen – Bjørsjøen – Trytjørnvolane (figur 8).



Figur 8. Oversyn over fellingslokalitetar (små prikker) i perioden 1996-2000 (venstre) og stadfesta observasjonar av rein i Fampenområdet i perioden 1991-1999 (høgre). Data frå Villreinutvalet i Fampen

Det vart og samla inn stadfesta data (sett rein) i perioden 1999-2008 (figur 9). Hovudtyngda av observasjonane vart gjort i fjellområda på sørvestsida av Vinjevegen, frå Helakmyrene i nordvest til Stripfjellet og Skarven i søraust. Spreidde observasjonar var det og frå områda i nord, ikking Bjørnsjøen – Bjøråkjølen. Det kan stillast spørsmål ved om dette observasjonsamnsteret er påverka av kor det er lettast å observera dyr, slik at dei skogkledde områda såleis kan ha blitt «underestimert».

I 2006 søkte utvalet om snøscooterløyve for å gjennomføra ei teljing. Føremålet var å finna ut kor mykje rein som trekkjer inn i Fampenområdet. Det vart planlagt slik teljing i fleire år framover frå 2006. I 2007 vart det søkt Miljødirektoratet om midlar til prosjektet «Villreinens bruk av Fampen i fortid og nåtid». Emne som inngjekk var registrering av gamle fangstanlegg, registrering av trekkruter (som grunnlag for styring av ferdsle). Målsetjinga var å «minimalisera konfliktnivå/forstyrrelse på reinen». I 2008 var utvalet fokusert på å få til betre samsvar mellom reinen sin arealbruk og teljande areal. Dei ville prøve «å påvirke fylkesdelplanen for Rondane slik at denne tar opp i seg villreinens leveområder», samt «vurdere løypeplaner for Tryvang – Lauvåsen, også turstier». I årsmeldiga frå utvalet for 2010 framgår det at det på våren hadde trekt inn om lag 200 rein i Fampenområdet, og at det var med ei radiomerka simle. Vidare vart det informert om «forslag om å legge ned skiløype fra Løvåskrysset til skaret ved Piggvola». I møte 6. april 2011 viser ein at handlingsplan var gjennomført. Det var lagt ned ei skiløype inn mot Gjerlaughytta og ny løype var lagt langs Vinjevegen. Det vart registrert kalvingsområder og ei radiomerka simle viste at det er kalvingsområde i området Sjøbekken – Hovalen. Det vart også gjennomført trekkregistrering og laga infoplakat om villrein. Styret meinte det var viktig med dokumentasjon av villreinen sin bruk av Fampenområdet.



Figur 9. Oversyn over stadfesta observasjonar av rein i Fampen innan Stor-Elvdal og Ringebu i perioden 1999-2008 (sett rein), fordelt på flokktypar (venstre) og flokkstørrelse (høgre).

#### 4.1.3 Bildeanalyser frå viltkamera

Av vel 2100 bilde av rein er det berekna kjønns- og aldersfordeling på alle, men ein betydeleg del er «ubestemt» av di ein ikkje har tilstrekkeleg kjenneteikn til å kunne bestemma alder og kjønn. To merka simler har vore innom kameralokalitetane (nr. 17, merka i Breidskaret 1.03.2012 og nr. 13, merka i Hirisjohøgda 29.02.2012).

Vi har berekna vegetasjonssamsetjing/markslag i ein 300-meters radius ikring kameralokalitetane, og det er her stor variasjon områda imellom (figur 10). Korvidt markslaget påverkar førekomensten av dyr som har besøkt kameralokalitetane er ikkje analysert inngåande. Ein ser at Kjelskardet og Nybuåsen har ein stor andel lavrik furuskog (høvesvis 64 og 38%), og har samstundes vel 43% av alle opptelte dyr på dei åtte kameralokalitetane totalt sett (figur 10 og tabell 2). Karlstadpiggen og Bjørsjøen har ein del skog med ope tresjikt og bra besøk av rein (tilsaman vel 33% av alle opptelte dyr), men Tjønnraveien har ein stor andel med tett tresjikt og også bra besøk av rein (vel 17% av alle opptelte dyr).

Etter strukturteljing frå bilda på kameralokalitetane vart det i alt identifisert 3551 dyr frå 2108 bilde. 2806 av desse dyra vart kjønns- og aldersbestemt (fire kategoriar). Simlekategorien dominerer med vel 1510 dyr (53,3%) og tilsaman utgjer simle og kalv godt over 2343 dyr (83%). Men bukkekategorien er også bra representert med 476 dyr (17%) (figur 11). Ein må difor seie at bestandsstrukturen er innafor det ein finn i eit naturleg villreinbestand (tabell 2 og 3).

Det er dei seks kameralokalitetane i den nordlege delen av området som har hatt flest «besøk» av rein (figur 5 og tabell 2). Kjelskardet ligg her øvst med 840 opptalte dyr totalt i 2015-2016. Tal oppalte dyr gjennom barnarksesongen fordeler seg noko ulikt kategoriane imellom (basert på bestemte dyr). Bukkekategorien dominerer tidleg i sesongen, i mai – juni (tabell 3). Simlene er også bra representert på bilda i mai (kalving), medan dei er relativt mindre representert i juni. I juli


og august derimot, dominerer simlene klart av dei opptalte dyra. Førekomsten av rein avtek over det heile i september (tabell 3). I oktober vart det berre tatt eitt bilet i løpet av dei to sesongane med kameraovervaking (tabell 1).

*Tabell 2. Oversyn over opptalte rein frå dei ulike kameralokalitetane.*

Posisjon/år	Tal simle	Tal kalv	Tal bukk	Tal bukk 3+	Tal ubestemt	Totalt
<b>2015</b>	<b>531</b>	<b>278</b>	<b>164</b>		<b>262</b>	<b>1235</b>
Bjørsjøen	138	53	40		60	291
Fugleåsmyra	16	7	6		8	37
Karlstadpiggen	142	90	44		90	366
Kjelskardet	148	81	48		48	325
Sjåheim			9		2	11
Tjønnraveien	87	47	17		54	205
<b>2016</b>	<b>979</b>	<b>555</b>	<b>191</b>	<b>130</b>	<b>483</b>	<b>2338</b>
Bjørsjøen	199	91	9	11	55	365
Hovalen	5	4	26	58	19	112
Karlstadpiggen	74	44	30	20	34	202
Kjelskardet	210	147	30	9	119	515
Nybuåsen	331	158	47	11	165	712
Tjønnraveien	160	111	45	6	88	410
Ulvbergskletten			4	15	3	22
<b>Totalsum</b>	<b>1510</b>	<b>833</b>	<b>355</b>	<b>130</b>	<b>745</b>	<b>3573</b>
% av bestemte	<b>53,4</b>	<b>29,5</b>	<b>12,6</b>	<b>4,5</b>		

*Tabell 3. Fordeling av oppfylte dyr gjennom barmarksesongen.*

Måned	Simle	Kalv	Bukk	Eldre bukk	Ukjent	Sum
Mai	10	1	12	1	12	36
Juni	30	20	59	66	34	209
Juli	790	373	132	100	506	1901
August	1355	703	222	20	1047	3347
September	60	50	30	25	170	335
Oktober					1	1
<b>Totalsum</b>	<b>2245</b>	<b>1147</b>	<b>455</b>	<b>212</b>	<b>1770</b>	<b>5829</b>



- Barskog - tett tresjikt
- Barskog og blandingskog - åpent tresjikt
- Lavrik furuskog
- Lågurtkog og edellauvkog
- Høgstaude- og storbregnauvkog
- Blåbær- og småbregnebjørkeskog
- Kreklingbjørkeskog
- Lavrik bjørkeskog
- Tuemyr og lågvokst fastmattemyr
- Høgvokst mattemyr (Høgstarrmyr)
- Blautmyr og åpen sumpvegetasjon
- Gras- og musøresnøleie



Figur 10. Vegetasjonsfordeling innan ein 300-meter radius på dei ulike kamerakalitetane. Ein ser at det er stor variasjon i lokalitetane imellom. Lokaliteten Hovarden blir lokalt også kalla Hovallen.




*Figur 11. Ein samling reinsdyr på kameralokalitet Nybuåsen i september 2016. Her er både bukk, simle (merka) og kalv representert. Kameraoperatør: Thore Lie*


#### **4.1.4 Fokusområde, trekk**

Fampenområdet er eit «øyfjell» som er avgrensa av Imsdalen i sørvest. Dette djupe dalføret utgjer ein sterk naturleg barriere for reinen. Reinen sitt viktigaste innfallsområde er såleis frå vest, ved Imsdalsvola og mot Skjerdingen. Røynslekunnskap og fangstminne (figur 12), viser at dette har vore og er det viktigaste trekkområdet til og frå Fampen. Viktige trekk går både nord og sør for Imsdalsvola, samt i området nord for Helakskletten (figur 12). Vidare er det inne i studieområdet eit trekkområde over Vinjevegen i sørvest–nordaustlei i aksen frå Helaksetra – Løvåsen. Trekk er det og langs med fjellmassiva ikring Piggvola i nordvest – søraustlei.


Trekkregistreringane som er gjort i felt i perioden 2006-2016 samanfell godt med data frå dei GPS-merka dyra og bekreftar at dyra trekkjer inn i Fampenområdet både frå nord og vest, men også at hovudtyngda av registreringane er gjort i områda mellom Reinfjellet og Piggvola (figur 14). I registreringsperioden ser ein at det er observert fleire flokktypar, både bukkeklokkar, fosterringsflokkar og blandaflokkar (figur 14). Ein ser også at det er stor variasjon i flokkstorleik, frå småflokkar til flokkar på fleire hundre dyr (figur 14). Den 5.01.2017 vart det observert ein flokk på minimum 823 dyr og er den største flokken som er registrert på nordsida av Imsdalen vintersid (figur 14). Elles har det variert mellom 200 og 600 dyr i registreringsperioden (figur 13). Trekkperioden har starta midt i mars og heldt fram til ut i mai (figur 13).



Figur 12. Sentrale trekkområde i innfallspartiet til Fampenområdet i vest.



Figur 13. Tal villrein registrert under trekkregistreringar i Fampen i åra 2006-2016. Tala nedst viser kor lang periode trekket har pågått årleg (tal dagar).



Figur 14. Trekkregistreringar i perioden 2009-2016, fordelt på flokkstorleik (til venstre) og flokktype (høgre).



Figur 15. Storflokk på 823 dyr i Fampen 5.01.2017. Foto: Thore Lie.

#### 4.1.5 Arealbruken i Fampen og posisjonar frå GPS-merka simler

Frå 2009 har ein gjennom GPS-prosjektet fått mykje ny kunnskap om vilreinens bruk av Fampenområdet og Rondane elles (Strand mfl. 2014). Radiomerka dyr har brukt dette området gjennom heile året, men det er særleg gjennom barmarkssesongen at både opne og skogkledde areal i Fampen har vore nytta. Fampen er eit delområde i Rondane Sør som har mykje hytteutbygging og ulike løype- og skitraséar i søraust. På 1980- og 90-talet vart det registrert eit aukande tal rein i dette området. GPS-undersøkingane bekreftar at det kvar vår i 2009-2013 har trekt 200-600 rein ut i dette området. Sidan har dette trekket halde fram. Hovudtyngda av dette har vore gevibrerande simler som skal til Fampen for å kalve. Området har såleis i aukande grad vore brukt til kalvingsland dei siste åra. Andre registreringar har også vist at mykje bukk trekkjer til Fampenområdet, men dette skjer særleg i barmarksesongen. Fampen har betydelege vinterbeiteressursar. At dette området no blir meir brukt av reinen att, viser noko av den dynamiske bruken reinen har av areala i Rondane.

